



# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Reinheimen  
**Møtested:** Teams  
**Dato:** 08.04.2024  
**Tidspunkt:** 11:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Orienteringer:

- Kort referat frå kompetansedagane 14-15. mars på Lillehammer og 3-4. april i Sogndal. Forvaltarar og styreleiar.
- Scenarieanalyse Puttbudalen/Brøstdalen. Forvaltar.
- Møteplan.

Vel møtt !

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 10/2024	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 11/2024	Orienteringar		
ST 12/2024	Delegerte saker		
DS 11/2024	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - transport av garnkasse til Leirungsvatnet - Roger Johansen		2024/1082
DS 12/2024	Delegert sak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2024 - snødekt mark - Breidstulen - Hans Gubhage		2024/2968
DS 13/2024	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - Løftabrebu ved Kula - Langvassbu ved Langevatn - Langfjellaget hyttesameige		2024/2931
DS 14/2024	Delegert sak - Dispensasjon - Finndalen landskapsvernområde - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - utkøyring av jervbås ved Visdalssetra - Nils Øygarden		2024/3280
DS 15/2024	Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2028 - snødekt mark - barmark - transport til hytte på Tunga - Sverrebu - Kirsten Marie Nesthus Ly		2024/3414
DS 16/2024	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - Nordre Grønvatnet - Karl Øygarden		2024/2047
DS 17/2024	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen nasjonalpark - motorferdsel 2024 - snødekt mark - utkøyring av 5 bakkeantenner og utstyr - Lesja kommune		2020/4844
DS 18/2024	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2028 - Grovåskaret - Stovassbua - Trollbua - Fremmer-Brøste sameierlag		2024/3332
DS 19/2024	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - snødekt mark - transport til naust ved Leirungsvatnet - Magne Frisvold		2024/2630
DS 20/2024	Delegert sak - endring av pkt. 1 i vilkår i delegert vedtak - utkøyring av 5 bakkeantenner og utstyr frå Reinheimen NP - Lesja kommune		2020/4844
ST 13/2024	Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - plassering av båt - tjern aust for Lortjønna - Jo Øien		2024/3834
ST 14/2024	Lordalen LVO - Oppfølging av ulovlig installasjon - gapahuk - Rusti - Trihøin		2023/14556

ST 15/2024	Romsdalen LVO - dispensasjon - 2024 - riving av gammel mast og oppsetting av ny mast 71/4 - Flatmark - Telenor Infra AS	2024/1195
ST 16/2024	Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - motorbåt på Vermevatnet - Grytten fjellstyre	2024/445

**ST 10/2024 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar**

**ST 11/2024 Orienteringar**

**ST 12/2024 Delegerte saker**

**DS 11/2024 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - transport av garnkasse til Leirungsvatnet - Roger Johansen 2024/1082**

**DS 12/2024 Delegert sak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2024 - snødekt mark - Breidstulen - Hans Gubhage 2024/2968**

**DS 13/2024 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - Løftabrebu ved Kula - Langvassbu ved Langevatn - Langfjellaget hyttesameige 2024/2931**

**DS 14/2024 Delegert sak - Dispensasjon - Finndalen landskapsvernområde - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - utkøyning av jervbås ved Visdalssetra - Nils Øygarden 2024/3280**

**DS 15/2024 Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2028 - snødekt mark - barmark - transport til hytte på Tunga - Sverrebu - Kirsten Marie Nesthus Ly 2024/3414**

**DS 16/2024 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2024 - snødekt mark - Nordre Grønvatnet - Karl Øygarden 2024/2047**

**DS 17/2024 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen nasjonalpark - motorferdsel 2024 - snødekt mark - utkøyning av 5 bakkeantenner og utstyr - Lesja kommune 2020/4844**

**DS 18/2024 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2028 - Grovåskaret - Storvassbua - Trollbua - Fremmer-Brøste sameierlag 2024/3332**

**DS 19/2024 Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - snødekt mark - transport til naust ved Leirungsvatnet - Magne Frisvold 2024/2630**

**DS 20/2024 Delegert sak - endring av pkt. 1 i vilkår i delegert vedtak - utkøyning av 5 bakkeantenner og utstyr frå Reinheimen NP - Lesja kommune 2020/4844**



Arkivsaksnummer: 2024/3834-3

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 21.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	13/2024	08.04.2024

## Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - plassering av båt - tjern aust for Lortjønningen - Jo Øien

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, og verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark får Jo Øien dispensasjon til å plassere båt i opplag ved tjern i Såvårhaugen aust for Lortjønningen som vist på kart i søknaden.

Dispensasjonen til plassering av ny båt er gjeve med følgjande vilkår:

- Båten skal plasserast aust på tjernet, og slik at den ikkje hindrar ferdselen langs tjernet.
- Båten skal merkast med eigars namn, og ved utplassering skal det sendast bilete og GPS- koordinat til nasjonalparkstyret på e-post: [sfinpost@statsforvaltaren.no](mailto:sfinpost@statsforvaltaren.no)
- Båteigar pliktar å halde orden og ta med søppel ut frå området etter fising.
- Dersom båten er defekt og ikkje lenger er i bruk, skal eigar fjerne båten frå området.
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan om nødvendig be om opprydding, og at båten vert fjerna frå verneområdet.

Dispensasjon gjeld i høve vernereglane for Reinheimen nasjonalpark.  
SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---


### Dokument i saka

- Søknad frå Jo Øien, 15.03.24
- Løyve til plassering i Skjåk Almenning, 19.03.2024

### Saksopplysningar

Jo Øien søker om å plassere ein ny båt ved eit tjern ved Såvårhaugen aust for Lortjønningen i Reinheimen NP. Det står følgjande i søknaden: *Undertegnede søker om tillatelse til å legge båt ved tjern avmerket med kryss på vedlagte kart. Det er sikkert kjent at vi er noen karer som har fisket i dette området i snart 30 år. På nevnte tjern har vi brukt gummibåt. Den siste vi hadde ble ødelagt for fire år siden. Vi begynner også å bli for gamle for å komme oss ut og inn av nevnte type båt. Dette er bakgrunnen for søknaden. Båten som etter planen vil bli plassert her, er en rød pioner 10 fot. Under lagring blir den dekket av en grønn presenning.*

Vårt håp er å få kjørt inn båten nå i vinter/vår 2024.



## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

### Verneformål – forskrift

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep av alle slag, jf. Verneforskrift § 3 pkt. 1.1, herunder anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar.

Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark (verneforskrift § 2), er fyrst og fremst knytt til naturkvalitetane i området, der leveområdet til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde står sentralt. Ein tilleggsverdi er at ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv i områda med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Etter verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark, § 3, pkt. 3.2, a), er det opna for fiske i verneområdet, og all ferdsel skal skje omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap, naturmiljø eller kulturminne

### Forvaltningsplan

Om båt i opplag, står følgjande i forvaltningsplan på s. 46:

#### «Båt i opplag, § 4, Naturmangfaldlova, § 48.

*Ved fiskevatn der det er opna for fiske med garn eller oter kan det vurderast å gi løyve til å ha båt i opplag på land. Dersom opplag av båtar er til hinder for ferdsla langs vassdraget eller får landskapsmessige konsekvensar, kan forvaltningsstyresmakta gje nærare føresegner for det enkelte vatn, om talet på båtar og kor og korleis dei skal lagrast.»*

### Naturmangfaldlova


I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

## Presedens

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

## Vurdering

Verneforskrift for Reinheimen har teke høgde for at det kan vera behov for å vurdere plassering av båt i opplag på land ved fiskevatn, i verneområdet. Bruken av området gjennom generasjonar har vore med og gjeve føringar for kva det kan gjevast løyve til for å halde i hevd tradisjonell bruk. Tjernet aust for Lortjønnen ligg på vernegrensa mellom Ottadalen LVO og Reinheimen NP på 1377 moh.



Grunneigar, Skjåk Almanning, har 19.03.24 gjeve løyve til at søkjar kan plassere ein ny båt ved tjernet, og skriv følgjande:

*«Skjåk Almanning har ei generell positiv haldning til folk som ynskjer å drive med garnfiske i almenninga. I så måte blir det gjeve søkjaren løyve som skildra i søknaden med enkelte vilkår.*

### Vedtak frå Skjåk Almanning

1. Jo Øien får løyve til å plassere båt ved tjern i Såvårhaugen
2. Båten skal merkast tydeleg med namn.
3. Posisjon for plassering skal sendast til Skjåk Almanning i etterkant av plassering.
4. Innehavar plikter å halde orden der båten blir liggande. Ved brot på dette kan Skjåk Almanning krevje opprydding på innehavaren si rekning eller fjerning av utstyr.
5. Skjåk Almanning skal varslast ved eventuelt eigarbyte.»

Det er positivt at det blir fiska med garn på mindre vatn, slik som i dette tilfelle. Det er heller

ingen andre installasjonar som båt eller kasse ved tjernet i dag, men det er ei føresetnad at tiltakshaver held orden og tek med seg alt søppel ut frå verneområdet etter fising.

For å kunne ha oversikt og følgje opp det som ligg ute ved fiskevatn er det i samråd med grunneigar, Skjåk Almenning, semje om at båtar i opplag vert merka med namn, og at GPS-kordinatar for plasseringa vert sendt til nasjonalparkforvaltning og grunneigar for registrering. Dette vil gjera det enklare for både forvaltning og grunneigar å følgje opp utrangerte båtar som ligg til forfall i verneområdet. Det må og stilles krav til eigar at arealet kring båten vert halde ryddig, og at all søppel blir fjerna frå området etter fiskesesongen.

Når det gjeld omsynet til villrein sin bruk så vil ikkje tiltaket vera i konfliktfylt, da fising normalt skjer på seinsommar og hausten. Kunnskapsgrunnlaget, jf. naturmangfaldlova (Nml) § 8, er tilstrekkeleg, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk Nml § 9, «føre-var-prinsippet». Tiltaket vil ikkje skape unødig presedens for andre som driv med garnfiske, da omfanget av denne aktiviteten er oversiktleg, og avgrensa til fiskevatn der dette har vore ein lang tradisjon før vernet vart oppretta.

Belastninga for verneverdiane synest å vera akseptable i dette tilfelle, jf. Nml §§10 og 12. Vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane. Tiltaket strider ikkje mot verneføremålet eller påverkar verneverdiane nemneverdig.

### **Motorferdsel**

Utplassering av båten krev motorisert transport og blir behandla som eiga delegert sak, dersom plassering er avklart og det er gjeve dispensasjon. Ved å følgje retningslinene for motorferdsel i forvaltningsplanen, som legg vekt på å unngå køyring som kan uroe reinen unødig, vil ikkje transporten gje varig skade som trugar verneformåle





Arkivsaksnummer: 2023/14556-4

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 21.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	14/2024	08.04.2024

## Lordalen LVO - Oppfølging av ulovlig installasjon - gapahuk - Rusti - Trihøin

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 71, ber Nasjonalparkstyret for Reinheimen om at den ulovlege gapahuken ved stigen opp frå Rusti seter i Lordalen landskapsvernområde blir fjerna ved direkte gjennomføring av forvaltninga.

Direkte gjennomføring bør gjennomføres fordi det etter attendemeldingar frå Statskog (grunneigar) og bruksrettshavarar i området, ikkje er funne ein ansvarlig eigar av installasjonen.

Nasjonalparkstyret ber om at nasjonalparkforvaltar bestiller SNO til å rive og fjerne den frittstående gapahuken frå området.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Rapport frå SNO 24.1.23, Brudd på verneforskriften – Lordalen LVO – ulovleg installasjon – gapahuk – Rusti – Trihøin
- Brev frå Nasjonalparkforvaltar 11.01.24 til grunneigar Statskog - Varsel om brot på verneforskrifta i Lordalen lvo og mogleg retting
- Uttale frå Statskog 24.01.24 – Uttale til det ulovlege forholdet og mogleg retting.
- Verneforskrift for Lordalen: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2006-11-24-1308>
- Naturmangfollova: [Lov om forvaltning av naturens mangfold \(naturmangfoldloven\) - Lovdata](#)
- Ny veileder M 2692|2024 - Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder: [Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder \(nasjonalparkstyre.no\)](#)

### Saksopplysningar

Statens naturoppsyn har i brev 14.11.23 sendt rapport til nasjonalparkstyret for Reinheimen om ein ulovleg installasjon i Lordalen landskapsvernområde. Lesja fjellstyre har rapportert til SNO om at dei 22.08.23 oppdaga at det er blitt bygd ein ny gapahuk i stigen opp frå Rusti seter mot Trihøin på vestsida av Storåe, ca 1 km frå Lordalsvegen. I følgje rapporten frå fjellstyret kan det sjå ut til at gapahuken er blitt oppført i løpet av sommaren 2023, sjå kart og foto under.



Lordalen landskapsvernområde er jf. verneforskrifta § 3, pkt. 1.1, «*verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekulturivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrelgging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

Oppsetting av gapahuk er i utgangspunktet forbode etter vernereglane i landskapsvernområdet, og det må derfor gjevast dispensasjon for at inngrepet skal være lovleg. Inngrepet er eit brot på vernereglane i Lordalen Ivo, og det følger av nasjonalparkstyret for Reinheimen sine vedtekter, pkt. 8.5, at styret har eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp brot på vernereglane. Men det er eigar/tiltakshavar sitt ansvar å bringe det ulovlege forholdet i orden.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 19.01.2024.

Det følger også av vedtekter for Nasjonalparkstyret for Reinheimen, at styret har eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp alle ulovlege forhold i verneområda som styret får kjennskap til, jf. vedtekter pkt. 6.4. Det kan t.d dreie seg om brot på retningslinjer i naturmangfaldlova, i verneforskriftane, eller brot på på enkeltvedtak eller vilkår i gjevne dispensasjonar.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har som forvaltningsmyndigheit det primære ansvaret for å følgje opp regelbrot med pålegg om retting og stans. Det vert her vist til styret sine vedtekter, pkt. 6.4, og Miljødirektoratet sin reviderte veileder M-2692|2024, om Oppfølging av ulovlege forhold i verneområder.

Forvaltningsmyndigheita har verkemiddel knytt til oppfølging av ulovlege forhold med heimel i naturmangfaldlova §§ 69, 71 og 73.

## Vurdering

### Retting og stans, Nml §§ 69, 70

Overtredelser av regelverket (lov, forskrift eller enkeltvedtak) medfører ofte en endret og uønsket tilstand i verneområdet. Naturmangfoldloven § 69 første ledd gir hjemmel for å pålegge retting og stans i en slik situasjon. Stans betyr at en pågående ulovlig handling må opphøre, for eksempel pågående graving, bygging eller hogst. Med retting menes som oftest gjenoppretting av en tidligere tilstand, for eksempel rivning av ulovlige bygninger eller mindre byggetiltak, fjerning av ulovlig tilført masse eller hensatte gjenstander, eller tilbakeføring av en ulovlig anlagt vei.

-----

For å kreve retting av et forhold som allerede er utført, eller stans av et pågående forhold, kreves at tiltakene er i strid med naturmangfoldloven, forskrifter eller enkeltvedtak etter loven eller forskriftene. Det er ikke et krav om at det har oppstått skade på naturmangfoldet eller at det er fare for slik skade, det er tilstrekkelig at handlingen ikke er tillatt.

Et pålegg om retting/stans skal etter naturmangfoldloven § 69 rettes mot «den ansvarlige», og dette kan være både enkeltpersoner og juridiske personer (for eksempel selskaper, stiftelser og foreninger).

### Direkte gjennomføring, Nml §71

Direkte gjennomføring er forvaltningens adgang til selv å sørge for fysisk gjennomføring av pålegg etter naturmangfoldloven § 69 første ledd og § 70 andre ledd dersom pålegget ikke gjennomføres av den ansvarlige. Direkte gjennomføring kan også brukes når det haster å få gjennomført tiltak eller når det ikke kan påvises en ansvarlig. Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder Naturmangfoldloven § 71 regulerer adgangen forvaltningen har til selv å gjennomføre tiltakene og hjemmel til å kreve dekning av utgiftene til dette.

-----

I hvilke saker bør vi bruke direkte gjennomføring?

Hovedregelen er at den ansvarlige for overtredelsen bør pålegges retting slik at vedkommende selv må sørge for gjenoppretting etter overtredelsen. Tiltak det haster med å få gjennomført av hensyn til naturmangfoldet, kan imidlertid gjennomføres direkte av forvaltningen uten pålegg om retting først. I en konkret vurdering av om en skal bruke direkte gjennomføring uten pålegg, må det legges vekt på hvor mye det haster, hvor stor skade som kan oppstå og hvor stor interesse den ansvarlige må antas å ha i selv å gjennomføre tiltakene. Direkte gjennomføring bør også gjennomføres der det ikke kan påvises en ansvarlig, f.eks. fjerning av ulovlig henlagte gjenstander som ikke har en påviselig eier.

Denne saka dreier seg om eit ulovleg forhold som er i strid med verneforskriften for landskapsvernområdet. Gapahuken er oppført utan at det er søkt om dispensasjon som er i strid med verneforskriften, og som det vil vera eit formelt grunnlag for å kunne krevje retting.

For å finne ein ansvarleg for det ulovlege tiltaket har forvaltar undersøkt forholdet med både SNO, Lesja fjellstyre, 3 ulike bruksrettshavarar på Rusti seter, og med Statskog, utan at det er funne ut kven som eig eller er den ansvarlege for tiltaket.

Statskog skriv i brev til Nasjonalparkstyret 24.01.24, at dei ikkje har kjennskap til kven som har bygd gapahuken. Dei har heller ikkje innvendingar til at det blir fatta vedtak om fjerning.

Sidan det ikkje er nokon som tek på seg eigarskap til gapahuken har Nasjonalparkstyret moglegheit til å sørge for direkte gjennomføring etter naturmangfoldlova § 71. I dette tilfelle vil retting dreie seg om å rive og fjerne den ulovlege gapahuken, og attendeføre plassen slik det var før oppføring av gapahuken. Nasjonalparkforvaltar kan i samråd med SNO legge inn eit oppdrag om riving i den nye bestillerportalen «Naturopdrag».



Arkivsaksnummer: 2024/1195-4

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 02.04.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	15/2024	08.04.2024

## Romsdalen LVO - dispensasjon - 2024 - riving av gammel mast og oppsetting av ny mast 71/4 - Flatmark - Telenor Infra AS

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3, punkt 1.3 bokstav m), får Telenor Infra AS løyve til å rive gammel mast og sette opp ny mast på Flatmark i Romsdalen landskapsvernområde.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Ny mast skal ikkje overstige 42 meter i høgde.
- Det skal haldast ryddig rundt arbeidsplassen slik at ikkje bygningsmateriale og rot vil komme på avveie.
- Gamle tre i området som styva alm, skal ikkje øydeleggast av anleggsarbeidet.
- Frist for gjennomføring av arbeidet er satt til 01.12. 2026. Før denne fristen skal alt av byggemateriale og restar frå gammel mast være rydda bort.
- Rapport med bilete frå ferdig oppsatt mast skal sendast nasjonalparkstyret når tiltaket er gjennomført.

Dispensasjonen gjeld i høve verneforskrift for Romsdalen lvo. SNO- Reinheimen vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Vi gjer merksam på at tiltaket må avklarast med kommune og grunneigar.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

Søknad frå Rambøl Norge AS på vegne av Telenor Infra AS på e-post 22.01.2024.

## Saksopplysninger

### Søknaden

Rambøll Norge AS søker på vegne av tiltakshaver Telenor Infra AS om tillatelse til riving av gammel mast og oppsetting av ny mast på telekommunikasjonsanlegget på eiendommen 71/4 på Flatmark.

På grunn av krav til økt kapasitet og bedring av sikkerheten for overføring av kommunikasjon rundt om i landet vil Telenor Infra AS oppgradere sine anlegg. Det er krav til samlokalisering, jf. Ekomloven § 4-4, tredje ledd. Nedrigging av gamle master og oppgradering med nye og større master som kan bære mer nødvendig teknisk utstyr er en del av dette arbeidet.

Det aktuelle arealet ligger innenfor Romsdalen landskapsvernområde og denne søknaden gjelder derfor nødvendige tillatelser etter verneforskriften. Det vil også være behov for tillatelse til motorisert ferdseil med helikopter i forbindelse med tiltaket, søknad for dette vil bli sendt av helikopterselskapet.

### Beskrivelse av tiltaket

Dagens mast med tilhørende teknisk hus ligger i bratt terreng nede i dalsiden like sørøst for Fetjvatnet og på nordsiden av tilførselsbekken, se oversikt i figur 1 og nærbilde i figur 2. Situasjonsplan i kart framgår av vedlegg 1.

Formålet med ny mast er oppgradering på grunn av krav til sikkerhet for overføring av kommunikasjon. Eksisterende mast må også byttes ut som følge av at den er utslitt pga. alder. Ny mast er prosjektert i forhold til den antatte naturpåkjenningen (vind- og islast) og med en tilstrekkelig konstruksjonssikkerhet, jf. den generelle bestemmelsen om sikkerhet mot naturpåkjenninger i TEK 17 og konstruksjonssikkerhet § 10-1 (10-2).


Masten settes sammen av ferdige metalleder/ seksjoner og er selvbærende. Gammel mast er 40,5 meter (bardunert) og ny mast er 42 meter (selvbærende). Ny mast vil ha en noe kraftigere utforming, og vil også stå bedre i forhold til ekstremvær. På grunn av dette vil anlegget bli noe mer eksponert i landskapet. En skisse av anlegget med ny mast framgår av figur 3.



Figur 1 Oversikt over det aktuelle området, anleggets plassering er markert med rød sirkel.  
Kilde: Naturbase.



Figur 2 Nærbilde dagens anlegg i terreng.



Figur 3 Skisse av anlegg med ny mast, datert 5.9.2023. Kilde: Telenor.

I forbindelse med arbeidet knyttet til bygging av ny mast og sanering av den gamle vil det være behov for 4 oppmøter for helikopter. Dette søkes som nevnt om i egen søknad, men det gis en beskrivelse av planlagt aktivitet for å gi en oversikt over transportbehovet. Ny mast er planlagt å bygge i 2024 dersom det gis byggetillatelse. Gammel mast vil sannsynligvis ikke bli demontert før i 2025-26 når alle antenner og kabler er overflyttet og satt i drift i ny mast.

Transportbehov:

- Oppmøte 1:

Fly inn utstyr og verktøy for å utføre grunnarbeid. Ca. 6 – 8 hiv.

- Oppmøte 2:

Fly ut verktøy og fly inn betong. Ca. 10-15 hiv

- Oppmøte 3:

Montere ny mast og fly ut verktøy. Ca. 15-20-hiv.

- Oppmøte 4:

Demontering av gammel mast. Ca. 5 hiv (dette vil ikke bli utført før alle antenner og kabel er

flyttet over til ny mast).

Søkjer har skrevet ei eiga vurdering av tiltakets påverknad på verneverdiane:

*Dagens installasjon ligger i en del av verneområdet som er påvirket av flere tekniske inngrep og menneskelig aktivitet; herunder E136, Raumabanen, kraftlinjer og jordbruksareal. Anlegget betjener Flatmark og omegn, og utgjør en samfunnskritisk infrastruktur. Eksisterende mast vil demonteres og fjernes i sin helhet og ny mast vil settes opp i tilknytning til eksisterende teknisk bygg og på tilnærmet samme sted.*

*Selv om ny mast vil bli 1,5 meter høyere og ha en noe kraftigere utforming i forhold til eksisterende mast, vurderes endringen i landskapsvirkningen med hensyn til synlighet å være liten. Alternativ plassering av anlegget er vurdert som ikke aktuelt da teknisk bygg og mast må samlokaliseres. De er også avhengige av andre «naboanlegg» for å kunne fungere. Bruken av området vil ikke endres som følge av oppgraderingen og det vil fortsatt være behov for kun sporadisk tilsyn på anlegget.*

*Fjerning av barduner vil medføre at anleggets fotavtrykk kan oppfattes som noe mindre. Basert på vurderingen kan vi ikke se at omsøkte tiltak er i strid med verneformålet eller vil påvirke verneverdiene nevneverdig. Tiltaket anses som nødvendig både av sikkerhetshensyn og hensynet til vesentlige samfunnsinteresser.*

Bilete frå synfaring 21.03.2024.



Foto av eksisterandele mast t.v.



Foto av stor gammal styva alm i området t.h..

Begge foto : Mari Melbø Rødstøl.



Nedenfor masta. Foto: Mari Melbø Rødstøl.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 19.01.2024.

### Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet
- ta vare på innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjer eit særprega landskapselement i området.


Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Verneforskriften § 3 punkt 1 sier at «Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bular, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.»



Ifølge punkt 1.3 bokstav m), kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til: *til omlegging og opprusting av jernbane, riksveg/europaveg, og teleinstallasjoner*, samt annen infrastruktur i sone B.

Det aktuelle området ligg i sone B i Romsdalen LVO.



Kart som syner at området ligg i sone B. Kjelde Naturbasen.

### **Naturmangfaldlova**

Saken må i tillegg til vurdering etter verneforskrift og forvaltningsplan og unntak fra vernevedtak i naturmangfoldlovens § 48, også vurderes etter naturmangfoldlovens miljørettslige prinsipper i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforingelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder).

### **Presedens**

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følger ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

### **Vurdering**

På grunn av krav til økt kapasitet og betre sikring av overføring av kommunikasjon, må Telenor Infra AS oppgradere sine anlegg. I samband med dette er det behov for å bytte ut den gamle masta som står på eiendommen 71/4 på Flatmark, med ein ny og kraftigare mast. Ei anna orsak til at masta må byttast ut, er at den er utslitt pga alder.

Dette er eit tiltak det er tatt høgde for i verneplanarbeidet og det er heimel i verneforskrifta til å gje løyve til omsøkt tiltak (omlegging og opprusting av teleinstallasjoner) i sone B i Romsdalen landskapsvernområde.

Tiltaket må vurderast etter dei miljørettslege prinsipp i naturmangfollova (nml) §§ 8- 12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved

miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

Det er god oversikt over kva som kan påvirke landskap, økosystem, naturtypar og artar gjennom verneplanarbeidet og naturdatabasen. Kunnskapsgrunnlaget (nml § 8) vurderes å være godt kva gjelder både naturverdier og konsekvenser for disse og (nml § 9) føre-var prinsippet, legges ikkje til grunn i saka.

Som søkjar skriv, er dagens installasjon plassert i ein del av verneområdet som er påverka av fleire tekniske inngrep og menneskeleg aktivitet, inkludert E136, Raumabanen, kraftlinjer og jordbruksareal. Sidan noverande mast vil bli demontert og fjerna og ei ny mast vil bli sett opp i tilknytning til det eksisterande tekniske bygget og omtrent på same stad, vil nytt bygg erstatte eksisterande bygg. Den nye masta vil bli 1,5 m høgare og vil ruve meir i landskapet, men samstundes vil den bli såpass robust at støttebardunar ikkje vil være nødvendig.

Tiltaket vil ikkje føre til uheldig presedens. Det er begrensa med antenner i Romsdalen lvo og tiltaket vil gje lita eller inga særleg belastning for økosystemet jf. (nml § 10). Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar nml § 11, er vurdert til ikkje å vere relevant og vilkåra sikrar unødig naturforringelse jf § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode.

Det må tas høgde for at dette tiltaket krev motorisert ferdsel i form av helikopter. Det er anslått at det kan bli over 40 hiv med last til og frå anleggsplassen. Om det er behov for å lande med helikopter i landskapsområdet må også dette søkjast om løyve til hos nasjonalparkstyret.

I vurderinga vil også omsyn til samfunnshensyn veie positivt for å gje løyve til dette tiltaket.

Dette er eit tiltak det er tatt høgde for i verneprosessen og med vilkåra som er sett, vil ikkje tiltaket være i strid med verneformålet eller påvirke landskapets karakter nemneverdig.



Arkivsaksnummer: 2024/445-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 02.04.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	16/2024	08.04.2024

## Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - motorbåt på Vermevatnet - Grytten fjellstyre

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Grytten fjellstyre dispensasjon til bruk av båtmotor på Vermevatnet i Romsdalen landskapsvernområde. Tiltaket strir ikkje mot verneføremålet og vil ikkje skade verneverdiane.

Motoren skal nyttast kun av Grytten fjellstyre til formåla fiskeutsetjing annankvart år, samt fiskekultivering i tenesta til fjellstyret.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Motorstyrka skal ikkje overstige 10 hk.
- Dispensasjonen gjeld for 10 turar per år i perioden 2024 -2028.
- Løyvet skal tas med på turen.
- Det skal visast særleg stor aktsemd for fuglelivet, spesielt våtmarksfugl, for å unngå at fuglar vert skada og fortyrra. Dersom det er «bifangst» av dykkender i forbindelse med garnfiske, skal det rapporterast til nasjonalparkforvaltar, på e-post.

Vi gjer merksam på at det må innhentast eventuelle nødvendige løyve til motorferdsel frå kommunen og grunneigar, jf. «Lov om motorferdsel i utmark» og lokal forskrift.


--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

Grytten Fjellstyre ved Gunder Ølstadløyken sendte søknad på e-post 27.11.2023.

## Saksopplysningar

Fra før har Grytten Fjellstyret fått løyve til å nytte el-motor på Vermevatnet, men dette løyvet gjekk ut i 2023. No ønskjer dei å søkje om å nytte bensinmotor for å betre sikkerheita. Det kan blåse fort opp på vatnet og i fjor opplevde dei at el-motoren gjekk tom for strøm mens dei var ute med båten.



Kart som syner storleiken på Vermevatnet. Ulvådalsvatnet ved Vakkerstøylen i Reinheimen nasjonalpark er 1/3 av storleiken. Ved Ulvådalsvatnet er det heimel til å gje løyve til bruk av båtmotor ved søknad.

### Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Naturmangfoldloven, 19. juni 2009 nr. 100.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 19.01.2024.

### Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med mangfald frå dalbotn til høg fjellet, kulturlandskap og kulturminne.

Etter verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde er all motorferdsel forbode. Forvaltningsmyndet kan etter § 3 pkt. 5.3 bokstav b i verneforskrifta gje løyve til definerte tiltak.

Bruk av el-motor er ikkje spesifisert som eit tiltak det kan gjevast dispensasjon til. Søknaden må derfor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Dispensasjon frå vernevedtak er heimla i naturmangfaldloven § 48:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

*«I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»*

Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

I verneforskriften for Reinheimen nasjonalpark er det opna for å søkje om dispensasjon til bruk av båtmotor på Leirungsvatnet, Tordsvatnet og Ulvådalsvatnet. Bakgrunnen for dette er at vatna er store og har lange tradisjonar for fiske. Tordsvatnet er 6,3 km<sup>2</sup>, Leirungsvatnet ca. 2,7 km<sup>2</sup> og Ulvådalsvatnet ca. 2 km<sup>2</sup>.

Til samanlikning er storleiken på Vermevatnet omtrentleg 6 km<sup>2</sup>.

### **Forvaltningsplan**

I forvaltningsplanen heiter det mellom anna om motorferdsel i kap. 4.7.2 (Motorisert ferdsel med båt § 3, pkt 6.3, f, g), på s. 49, at det ved søknad om motorisert ferdsel med båt på Ulvådalsvatnet, Leirungsvatnet og Torsvatnet i samband med fiske, skal setjast vilkår om at motorstyrke ikkje er over 10 hk. På s. 48 i forvaltningsplan står det at for kjende, faste transportfremål kan gjevast løyve for inntil 5 år med avgrensing på tal turar/sesong, på vatn 1 – 10 turar.

Om bruk av motorbåt står det slik på s. 49 i forvaltningsplanen: *ved søknad om motorisert ferdsel med båt på Ulvådalsvatnet, Leirungsvatnet og Torsvatnet i samband med fiske, skal det setjast vilkår om at motorstyrke ikkje er over 10 hk.*

### **Naturmangfaldlova**

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

§ 8 - Kunnskapsgrunnlaget

§ 9 - Føre – var-prinsippet

§ 10 - Økosystemtilnærming og samla belastning

§ 11 - Kostnaden ved miljøforringelsen skal bærast av tiltakshavar

§ 12 - Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

### **Presedens**

I enkeltsaker som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens, ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering skal vera reell og bør vera så konkret som mogleg.

### **Vurdering**

Grytten fjellstyre forvaltar bruksrettar og jakt og fiske i Grytten statsalmenning og har ei utleiehytte ved utløpet av Vermevatnet, Vermevassbu. Vermevatnet som ligg i Romsdalen landskapsvernområde og grensar mot Reinheimen nasjonalpark har lange tradisjonar for fiske. Grytten fjellstyre set ut fisk annankvart år på oppdrag frå Rauma Energi og kultiverer vatnet. Sjølve vatnet er regulert av Rauma Energi og er omtrent 6 km<sup>2</sup>.

I verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark og tilgrensande landskapsvernområde er Leirungsvatnet, Tordsvatnet og Ulvådalsvatnet nemnd i samband med bruk av båtmotor: «Ved søknad om motorisert ferdsel med båt på Ulvådalsvatnet og Leirungsvatnet som gjeld fiske, materialtransport og tilsyn med beitedyr skal det setjast vilkår om at motorstyrke ikkje er over 10 hk. Ved søknad om motorisert ferdsel med båt på Torsvatnet i samband med utøving av fiske og jakt (gjeld og transport av jegerar), skal det sejast vilkår om at motorstyrke ikkje er over 10 hk.»

Det er rimeleg å anta at dette vart spelt inn under verneplanarbeidet. At same behov ikkje vart spelt inn for Vermevatnet den tida verneplanarbeidet føregjekk, kan vera tilfeldig. Med bakgrunn i storleiken på Vermevatnet, som er på linje med Tordsvatnet, dobbelt så stort som Leirungsvatnet og 3x storleiken av Ulvådalsvatnet, og at Vermevatnet har lang tradisjon for fiske, er det grunnlag for å vurdere saken som eit tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet, jf. retningsliner for bruk av naturmangfaldlova § 48.

Vidare ligg Vermevatnet i Romsdalen landskapsvernområde og er regulert. Vermevatnet har såleis ei mildare form for vern enn dei tre nemnde vatna der søknad om båtmotor er opna for, der alle ligg i Reinheimen nasjonalpark.

Bakgrunnen for behovet til Grytten fjellstyre er mellom anna omsyn til sikkerheit, jf. vurdering etter naturmangfoldlova § 48. Grytten fjellstyre har eit akseptabelt behov for å kunne nytte båtmotor i si verksemd på lik linje med dei store vatna i nasjonalparken. Det har tidlegare vært gitt løyve til bruk av el-motor, men av sikkerhetsmessige grunnar er det no ynskje om å gå over til bensinmotor. Dei vanlege el -motorane på båt er ikkje like sterke som liknande bensinmotor. Kjem fjellstyret allikevel over ein el-motor som gir god nok tryggleik, vil vi oppmode til å nytte dette, då el-motoren er lydlaus.

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom naturbase og forvaltningsplan. Det er også utarbeidd sårbarheitsvurdering for rovfugl/våtmarksfugl i Reinheimen nasjonalpark, (Kistefoss Skogtenester, Rapport nr.6 2018). Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Føre-var-prinsippet (nml §9 ) vert ikkje vurdert som nødvendig i denne saka, da det er god kunnskap om naturverdiane og området.

Påverknader på miljøet i området er akseptabel, og knytt til ein lite konfliktylt aktivitet, jf. økosystemtilnærming og samla belastning, nml. § 10. Det at båtmotoren kun kan nyttast av Grytten fjellstyre i teneste vil begrense bruken.

Dekning av kostnader ved miljøskade (nml. § 11) er ikkje relevant. Det blir lagt vekt på å setja vilkår i vedtaket som regulerer verksemda for å hindre skade jf (nml. § 12) Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Bakgrunnen for at det er opna for bruk av motor på større vatn er at det kan vera vanskeleg å manøvrere båten i sterk vind som kan oppstå under fiske.

Presedensverknaden av ei sak er knytt til kor truleg det er at liknande saker vil oppstå i framtida. I denne saken må ein òg vurdere om ein tillatelse i dette tilfelle kan føre til at andre vil søkje om dispensasjon til tilsvarande tiltak. I verneområda i Reinheimen er det fleire hundre fiskevatn. Vermevatnet er saman med Tordsvatnet, dei største vatna. Dispensasjonen i dette tilfelle vil såleis ikkje medføre til presedens for andre vatn i verneområda, som er mindre i storleik.

Begrensa bruk av båtmotor ved Vermevatnet vurderar vi til ikkje å være i strid med verneformålet eller påverke verneverdiane nemneverdig.